



LINDÅS KOMMUNE

Eining for stabs- og støttetjenester
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**
«REF» Tove Mette
 Fyllingen

Vår ref. **Telefon**
2008/503 - 0 - 56 37 51 75
30041/2011

Arkivkode: **Dato:**
107/11 19.12.2011

Melding om vedtak

Klage på vedtak - bustad - Geir Arne Svåsand - gbnr 107/11 Kolås

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Fyllingen
administrasjonskonsulent





Arkiv: 107/11
Saksmappe: 2008/503
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll
Dato: 13.10.2011

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
205/11	Plan- og miljøutvalet	02.11.2011
218/11	Plan- og miljøutvalet	14.12.2011

Klage på vedtak - bustad med 4 husvære Geir Arne Svåsand - gbnr 107/11 Kolås

Saka skal avgjerast endeleg av fylkesmannen.
Saka starta i 2008, og er handsama etter plan- og bygningslova av 1985.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

1. Plan- og miljøutvalet viser til rådmannen si vurdering nedanfor og opphevar vedtaket sitt i sak 138/11 frå møte 24.08.2011.
2. Administrasjonen har gjort vedtak etter fullmakt, og plan- og miljøutvalet stadfester avgjerda om å gjera unntak frå krav om reguleringsplan med heimel i pbl § 20-1 og arealdelen til kommuneplanen § 2.1.

Klagen frå advokatfirmaet Kyrre ANS vert ikkje teken til følgje.

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen framsett i brev datert 05.04.2011, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i delegert sak datert 14.03.2011.

I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Klagen fører til utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42, slik at bygging ikkje kan starta før fylkesmannen har avgjort saka.

Alternativt framlegg til vedtak:

1. Plan- og miljøutvalet viser til rådmannen si vurdering nedanfor og opphevar vedtaket sitt i sak 138/11 frå møte 24.08.2011.
2. Klagen frå advokatfirmaet Kyrre ANS datert 05.04.2011 vert teken til følgje, og rammeløyvet datert 14.03.2011, vert oppheva, med følgjande grunngjeving:

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 02.11.2011

Framlegg:

Saka vert utsett til neste møte, utvalet skal på synfaring.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (Hauge-Ap og Brunborg-Ap).

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 02.11.2011

Saka er utsett til neste møte, utvalet skal på synfaring.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 14.12.2011

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Det har komme inn eit nytt skriv frå advokatfirma Kyrre ANS med tittel Klage på vedtak gnr 107 bnr 11 i Lindås, som er ein kommentar til klagen frå advokat Winjum. Dette brevet kom inn for seint til å verta teke med i møtet 02.11.2011, men det er no lagt ved saka

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Plan- og miljøutvalet opprettheld vedtak i saka datert 24.08.2011 sak 138/11 med fylgjande grunngjeving:

- Området er i dag einebustad område og tiltaket vil bryta med nærliggjande byggemiljø.
- Bygget vil ta forholdsmessig mykje av soltimane frå naboane.
- Utnyttingsgraden av tomten er noko høg (BRA) i forhold til nærliggjande byggmiljø.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Hauge-Ap, Brunborg-Ap, Kjeka-Krf, Gjerstad-Sp)

Rådmannen sitt første framlegg vart vedteke med 5 røyster.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 14.12.2011

1. Plan- og miljøutvalet viser til rådmannen si vurdering nedanfor og opphevar vedtaket sitt i sak 138/11 frå møte 24.08.2011.
2. Administrasjonen har gjort vedtak etter fullmakt, og plan- og miljøutvalet stadfester avgjerda om å gjera unntak frå krav om reguleringsplan med heimel i pbl § 20-1 og arealdelen til kommuneplanen § 2.1.

Klagen frå advokatfirmaet Kyrre ANS vert ikkje teken til følgje.

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen framsett i brev datert 05.04.2011, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i delegert sak datert 14.03.2011.

I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Klagen fører til utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42, slik at bygging ikkje kan starta før fylkesmannen har avgjort saka.

Saksutgreiing:

Saksdokument vedlagt (dokumentnamn i " " refererer til tittel på elektronisk vedlegg):

Klage frå advokat Ivar Winjum, datert 05.10.2011 (kopiert inn i teksten nedanfor)

Utskrift av rammeløyve datert 14.03.2011 ("Godkjent søknad om rammeløyve--")

Utskrift av klagesak frå PM-møte 24.08.2011 ("Klage på vedtak – bustad --")

Situasjonsplan og profil motteke 30.10.2010 ("107-11 Situasjonsplan og profil")

Teikningar motteke 30.10.2010 ("107-11 Teikningar")

Saksgangen til no: Søknaden vart sendt inn i 2008, og det kom inn naboprottest, men handsaming vart utsett i påvente av dom i jordskiftesak. Administrasjonen gav den 14.03.2011 rammeløyve for bygging av bustad med 4 husvære. Advokatfirmaet Kyrre ANS klaga på vegner av eigarane av 3 naboeigedommar. Plan- og miljøutvalet handsama saka etter ha vore på synfaring den 24.08.2011, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

"Klagen vert teken til følgje."

Advokat Ivar Winjum klagar på vegner av tiltakshavar på dette vedtaket i brev datert 05.10.2011:

"Ovennevnte vedtak påklages med dette på vegne av tiltakshaver Geir Arne Svåsand. Vedtaket lyder slik: "Klagen vert teken til følgje." Vedtaket har ingen begrunnelse og lider dermed av en saksbehandlingsfeil, jf. forvaltningsloven § 24, 1. ledd. Det er heller ikke mulig å lese seg til hvilken begrunnelse som kan tenkes å ha dannet et noenlunde saklig grunnlag for vedtaket idet administrasjonens saksframstilling både til det opprinnelige vedtaket av 14.3.11 og til klagebehandlingen den 24.8.11 entydig tilsier motsatt utfall. Da søknaden ble innvilget ved delegert vedtak den 14.3.11 ble det gitt en fylldig begrunnelse, herunder med imøtegåelse av et par innkomne merknader i saken, og til klagebehandlingen den 24.8.11 hadde administrasjonen på tilsvarende vis imøtegått klagen punkt for punkt og anbefalt utvalget å stadfeste vedtaket av 14.3.11. Iflg. Svåsand kan dessuten et par uttalelser under utvalgets befarung tyde på at noen av utvalgets medlemmer ikke hadde satt seg tilstrekkelig inn i saken.

Det vesentlige av innvendingene mot tiltaket synes for øvrig å dreie seg om avkjørselen, men her foreligger separat løyve. På denne bakgrunn er det grunn til å anta at saksbehandlingsfeilen har vært bestemmende for sakens utfall, og at vedtaket derfor er ugyldig. Vedtaket kreves omgjort ved at klagen av 5.4.2011 ikke tas til følge og at utvalget fastholder administrasjonens vedtak av 14.3.11 og at den klagesaken oversendes fylkesmannen for videre klagebehandling. Det anmodes imidlertid om at siste avsnitt i rådmannens forslag til vedtak sløyfes slik at klagen av 5.4.2011 ikke gis oppsettende virkning, hvilket er i samsvar med lovens hovedregel."

Kommentar:

Forvaltningslova, om grunngjeving og om utsett iverksetting av vedtak:

"§ 24. (når enkeltvedtak skal grunngis). Enkeltvedtak skal grunngis. Forvaltningsorganet skal gi begrunnelsen samtidig med at vedtaket treffes."

Dette er første del av paragrafen, og hovudregelen som skal nyttast når det ikkje ligg føre særskilte grunnar til å lata vera å leggja fram grunngjeving.

§ 42. (utsatt iverksetting av vedtak).

Underinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Når en part eller en annen med rettslig klageinteresse akter å gå til søksmål eller har reist søksmål for å få vedtaket prøvd ved domstol, kan organ som nevnt utsette iverksettingen til det foreligger endelig dom. Det samme gjelder når en part eller en annen med rettslig klageinteresse akter å bringe eller har brakt en sak inn for Stortingets ombudsmann for forvaltningen. Anmodninger om utsetting skal avgjøres snarest mulig. For øvrig gjelder det som er bestemt i annen lovgivning om utsettende virkning av klage, søksmål m.m.

Det kan settes vilkår for utsettingen. Avslag på anmodning om utsetting skal være grunngitt. Begrunnelse skal gis samtidig med avslaget.

Sakshandsamingsforskrifta (SAK) § 7 omhandlar tidsfristar i byggesaker. § 7 e) lyder:

"I klagesak der det er gitt utsatt iverksetting med hjemmel i forvaltningsloven § 42, skal klagen behandles av klageinstansen innen 6 uker. Dette gjelder uansett om det er kommunen eller klageinstansen som har besluttet utsatt iverksetting"

Avkjørsle og trafikktryggleik er ikkje tema i klagesaka, då desse spørsmåla er handsama for lenge sidan av kommunen som vegstyresmakt og ikkje av byggesak.

Vurdering:

Vedtaket om å ta naboklagen til følgje er ikkje grunngjeve og oppfyller såleis ikkje krava i forvaltningslova § 24 første ledd.

Rådmannen vil rå utvalet til å ta klagen frå advokat Ivar Winjum til følgje og oppheva sitt vedtak frå møtet 24.08.2011. Då er vi tilbake til utgangspunktet: At Svåsand har har eit godkjent rammeløyve som er påklaga, og som plan- og miljøutvalet skal klagehandsama.

Vidare tilrår rådmannen at utvalet held fast på administrasjonen sitt vedtak datert 14.03.2011, slik at saka vert sendt til fylkesmannen til avgjerd. Som grunngeving vert det vist til vurderingane i administrasjonen sitt vedtak datert 14.03.2011 og i klagehandsaminga i plan- og miljøutvalet den 24.08.2011.

Dersom utvalet held fast på sitt vedtak utan grunngeving, går saka til fylkesmannen. Gjer utvalet eit nytt vedtak med grunngeving, skal dette sendast partane for ny klagevurdering.

Rådmannen tilrår også utsett iverksetting av vedtaket etter fvl § 42.